




# Befolkningsutvikling i Kinn kommune 2023-2050



1.	Føresetnader .....	3
1.1	Inndeling i grunnkretsar i Kinn.....	3
1.2	Fruktbarheit.....	3
1.3	Dødelegheit .....	3
1.4	Flytting .....	3
1.5	Sonevise korrigeringar.....	3
2.	Prognose for Kinn .....	4
2.1	Fødselsoverskot.....	4
2.2	Ekstern nettoflytting.....	7
2.2.1	Florø .....	7
2.2.2	Måløy .....	8
2.3	Intern nettoflytting .....	8
2.4	Flytting for aldersgrupper.....	10
2.5	Innvandring og utvandring .....	11
2.6	Flytting til og frå andre kommunar.....	11
2.7	Endring i befolkningsstrukturen.....	13
3.	Endring i befolkning frå 2022 og fram til 2032 (middels vekst).....	17
4.	Endring i befolkning frå 2022 og fram til 2042 (middels vekst).....	19
5.	Busetting .....	21
5.1	Busettingsmønster .....	22
6.	Oppsummering .....	23
	Vedlegg 1. Kompas-modellen .....	24
	Vedlegg 2 Overordna føresetnader .....	26
	Vedlegg 3. Grunnkretsinnndeling og plansone.....	27
	Vedlegg 4. Fruktbarheit .....	29
	Vedlegg 5. Forventa levealder .....	30
	Vedlegg 6. Nettoflyttingstal .....	31

## 1. Føresetnader

Det er utarbeidd prognosar for utvikling av folkemengda i Kinn i tre utviklingsbaner; ein med høg vekst, ein med middels vekst og ein med låg vekst. Dei ulike utviklingsbanene kombinerer ulike sett av føresetnader for fruktbarheit, dødelegheit og ekstern nettoflytting. Det er lagt til grunn føresetnader som Statistisk sentralbyrå (ssb) nyttar i sine prognosemodellar for fruktbarheit og dødelegheit. Det er nytta Kompas for å framskrive folkemengda og det er nytta trendflyttingsmodellen der framtidig flytting er basert på historiske flyttemønster.

### 1.1 Inndeling i grunnkretsar i Kinn

Det statistiske datagrunnlaget i KOMPAS er basert på grunnkretsar. Framskrivningane er aggregat av grunnkretsar, og som gir grunnlag for valfrie inndelingar av kommunen. I dette dokumentet er grunnkretsane summert på Kinn nivå og på Florø og Måløy nivå. «Uoppgitt grunnkrets» omfattar personar som av ulike grunnar ikkje kan innplasserast på ein gitt grunnkrets. Per 31.12. 2022 var det 31 personar som vart plassert i «uoppgitt grunnkrets». Denne grunnkretsen er fordelt mellom Florø (67 prosent) og Måløy (33 prosent) basert på fordelinga av folketalet før samanslåinga av de tidlegare kommunane. Grunnkretsane som vart fråskilt til Stad kommune er ikkje med i statistikken. Oversikt over grunnkretsar er gitt i vedlegg 3.

### 1.2 Fruktbarheit

For fruktbarheit legg vi til grunn høg fruktbarheit i «høg vekst»-alternativet, middels fruktbarheit i «middels vekst»-alternativet og låg fruktbarheit i «låg vekst»-alternativet. Dette er identisk med ssb sine føresetnader for tilsvarende alternativ. Sjå tabellar frå ssb i vedlegg 4.

### 1.3 Dødelegheit

For alle tre utviklingsbanene legg vi til grunn same dødelegheitsutvikling som ssb legg til grunn i middelalternativet for Kinn. Sjå tabell i vedlegg 5.

### 1.4 Flytting


Ssb har i samband med publisering av oppdaterte framskrivningar i juli 2022 lagt ut nettoflyttingstal for Kinn kommune i statistikkbanken.

I "høg vekst"-alternativet legger vi til grunn nettoflytting for Kinn kommune frå alternativ HHMH (høy innvandring) der vi har justert dei fyrste åra til å ha positiv nettoinnflytting. I "middels vekst"-alternativet brukar vi nettoflytting frå alternativ MMMM (middels innvandring) og i "låg vekst"-alternativet brukar vi nettoflytting frå alternativ LLML (låg innvandring). Sjå tabell i vedlegg 6.

### 1.5 Sonevise korrigeringar

Basert på grunnkretsstatistikk for fødde og døde for perioden 2017-2022 korrigerast den framtidige fruktbarheitsutviklinga i Måløy og Florø. Måløy har i denne perioden hatt ein noko høgare fruktbarheit enn Florø (korreksjonsfaktor for fødde er 1,06 for Måløy og 0,97 for Florø). Måløy har tilsvarende ein noko lågare dødelegheit enn Florø (korreksjonsfaktor for døde er på 0,99 for personar 85 år og over i Måløy og 1,01 i Florø).

## 2. Prognose for Kinn



Figur 1. Framskriving av folkemengd i Kinn i 3 alternativ (SSB og KOMPAS)

Alternativet med høg vekst gir ein folkevekst på 1109 personar fram til 18288 i 2050. Alternativet med middels vekst gir ein folketalsnedgang med -847 personar fram til 16332 i 2050. Alternativet med låg vekst gir ein folketalsnedgang på -2389 personar fram til 14790 personar i 2050. Vekstratene i dei tre ulike alternativa er 0,2 %, -0,2 % og -0,5 %.

Befolkningsutviklinga i Måløy og Florø vil gå i same retning i alle tre alternativa. Florø hadde 31.12.2022 ei folkemengd på 11845 personar, medan Måløy hadde ei folkemengd på 5334 personar.

Ved «høg vekst»-alternativet vil Florø få ein vekst på om lag 894 personar (0,3 prosent vekst) og Måløy om lag 215 personar (0,1 prosent vekst).

Ved "middels vekst" vil Florø få ein nedgang i folkemengda på om lag -446 personar (-0,1 prosent vekst) medan Måløy vil få ein nedgang på om lag -381 personar (-0,3 prosent vekst).


«Låg-vekst»-alternativet vil gi ein nedgang i folkemengda på oppunder -1535 personar i Florø (-0,5 prosent vekst) og omlag -854 personar i Måløy (-0,6 prosent vekst).

### 2.1 Fødselsoverskot


Talet på fødde har minka dei siste 10 åra. I 2012 var talet på fødde 189 medan det vart nede på om lag 130 i 2022. Det positive fødselsoverskotet på kring 30 i starten på siste 10-året er snudd til eit negativt fødselsoverskot dei siste åra.

I 2012 var talet på fødde i Florø på 130 medan det i 2022 var nede på 88. I Måløy var talet på fødde 59 i 2012 og 45 i 2022. Fødselsoverskotet (fødde-døde) var positivt med 35 personar i 2012 medan det var -28 i 2022.


I høg vekst alternativet er det lagt til grunn aukande fødselstal opp mot 180 i 2050 og fram til 2040 er det lagt til grunn eit positivt fødselsoverskot på over 20. Dei siste 10 åra er det lagt til grunn lågare fødselsoverskot med 5 i snitt.




I middels vekst alternativet er det lagt til grunn om lag like tal på fødde og døde med i overkant av 140 medan det i frå 2030 og utover er lagt til grunn eit aukande tal på døde som gir eit gradvis negativt fødselsoverskot opp mot -34 i 2050.




I låg vekst alternativet er det lagt til grunn gradvis lågare fødselstal og aukande tal på døde. Fødselsoverskotet er negativt i heile framskrivingsperioden og går gradvis nedover til om lag -80.



Frå 2012-2022 har fødselsoverskotet i Florø i gjennomsnitt vert 16,5. I høg vekst alternativet vil fødselsoverskotet i Florø vere positivt på om lag 20 fram til det minkar ned mot 3 i siste 10-årsperioden. I middel-alternativet er det eit svakt positivt fødselsoverskot medan det vert negativt og ned mot -20 i siste del av prognoseperioden. I låg vekst alternativet er fødselsoverskotet negativt heile prognoseperioden og endar med eit fødselsoverskot på -50.



Frå 2012-2022 har fødselsoverskotet i gjennomsnitt vore -2,4. I alternativet med høg vekst er fødselsoverskotet i Måløy positivt med 2-3 personar fram til 2043. Etter det er det ei tilsvarande negativ utvikling. Fødselsoverskotet i Måløy er negativt i både låg- og middelalternativet. I middelalternativet er det om lag på -5 fram mot 2036 og går mot -13 i 2050. I låg-alternativet er det ei jamn negativ utvikling frå om lag -15 til -26 i 2050.



## 2.2 Ekstern nettoflytting


### 2.2.1 Florø

Florø har hatt ein svak netto innflytting. Netto innflytting i perioden 2012-2022 var i gjennomsnitt på 0,7. Frå 2017 har det vert negativ nettoutflytting fram til 2022. I 2018 var den på heile -140 personar medan den i 2022 var på 89 personar. Oppgangen i 2022 skuldast i stor grad innflytting frå Ukraina.

I «høg vekst»-alternativet er det lagt til grunn ei netto innflytting på omlag 20 personar som etter 2034 aukar gradvis opp mot 50 i 2050.

I «middels vekst»-alternativet er det ei netto utflytting på 44 personar i 2024. Netto utflytting minkar fram mot 2035 og det er ei gradvis auke i netto innflytting fram mot 22 personar i 2050.

I «låg vekst»-alternativet er det ei netto utflytting i 2023 på -66 personar. Netto utflytting minkar fram mot 2040 og det er ei gradvis auke i netto innflytting fram mot 11 personar i 2050.



Figur 2. Kompas ekstern nettoflytting Florø i tre alternativ


## 2.2.2 Måløy

Måløy har historisk hatt netto utflytting til andre kommunar og utlandet. Netto utflytting i perioden 2012-2022 var i gjennomsnitt på -17,5. I 2019 var den på heile -59 personar medan den i 2022 var på -11 personar. Oppgangen i 2022 skuldast i stor grad innflytting frå Ukraina.

I «høg vekst»-alternativet er det lagt til grunn ei netto flytting på omlag -10 personar som etter 2034 aukar gradvis opp mot 2 i 2050.

I «middels vekst»-alternativet er det ei netto utflytting på -36 personar i 2024. Netto utflytting minkar fram mot -9 i 2050.

I «låg vekst»-alternativet er det ei netto utflytting i 2023 på -44 personar. Netto utflytting minkar fram mot -14 i 2050.



Figur 3. Kompas ekstern nettoutflytting Måløy i tre alternativ


## 2.3 Intern nettoutflytting

I gjennomsnitt har vi i siste 10-årsperiode hatt om lag 1240 personar som flyttar internt i Kinn kommune kvart år (gjennomsnitt 2012-2022). Frå Måløy til Florø eller internt i Florø flyttar i gjennomsnitt 924 personar og frå Florø til Måløy eller internt i Måløy flyttar 317 personar.


Det er liten internflytting mellom Florø og Måløy.

Den historiske flyttestatistikken legg føringar på framskrivingar av internflyttinga. I framskrivingsperioden er netto internflytting til Florø svakt negativ, medan netto internflytting til Måløy er svakt positiv. I alle alternativ er det forventa at flyttebalansen mellom Florø og Måløy vil oppretthaldast på dette nivået og auke noko i perioden. Det er ikkje vesentlege skilnader i nivået på internflytting i dei ulike alternativa.






Figur 4. Intern nettoflytting Florø i tre alternativ



Figur 5. Intern nettoflytting Måløy i tre alternativ

## 2.4 Flytting for aldersgrupper

Figurane under viser ekstern og intern nettoflytting for aldersgrupper i Florø og Måløy (gjennomsnitt 2022-2050 for middelalternativet).



Figur 6. Ekstern og intern nettoflytting etter alder for middelalternativet i Florø


Prognosen for Florø viser gjennomsnittleg netto innflytting i aldersgruppene 0-16 år medan det er størst netto utflytting i aldersgruppene 19-66 år. I aldersgruppene 67-89 er det ein mindre netto utflytting.



Figur 7. Ekstern og intern nettoflytting etter alder for middelalternativet i Måløy

Prognosen for Måløy viser gjennomsnittleg netto innflytting i aldersgruppene 0-15 år medan det er størst netto utflytting i aldersgruppene 19-66.

## 2.5 Innvandring og utvandring




Figur 8. Kjelde ssb (tabell 13256)


Kinn har hatt ei netto innvandring dei 3 siste åra med 53 i 2020, 111 i 2021 og 325 i 2022. Siste året var det ein markant auke i innvandringa i dei fleste aldersgruppene.

## 2.6 Flytting til og frå andre kommunar

I Kinn har det vore ei netto utflytting til andre kommunar og i 2022 var den på heile -246 personar. I 2021 var den -124 og i 2020 -107. Det var størst netto utflytting i aldersgruppa 18-29 år.




Figur 9. Kjelde ssb (tabell 132555)



Figur 10. Kjelde ssb, flytting til Kinn i 2022 frå andre kommunar

Tabellen syner at det i 2022 var flest som flytta til Kinn frå Bergen, Stad, Sunnfjord, Øygarden og Bremanger.




Figur 11. Kjelde ssb, flytting frå Kinn i 2022 til andre kommunar


Figuren viser nokre av dei kommunane innbyggjarane flytta til i 2022. Flest flytta til Bergen, Sunnfjord, Oslo og Stad.

## 2.7 Endring i befolkningsstrukturen


Både Florø og Måløy vil få ei betydeleg aldring av folkemengda i løpet av framskrivingsperioden. Dette vil gjelde alle alternativ, men i minst grad «høg vekst»-alternativet som vil få et visst tilsig av yngre aldersgrupper. Dei neste figurane viser befolkningspyramidar for Florø og Måløy for «middels vekst»-alternativet. Det går tydeleg fram at både Florø og Måløy får ein meir topptung befolkning i framskrivingsperioden. Gjennomsnittsalderen vil auke både i Florø og Måløy i alle alternativ. Gjennomsnittsalderen i Florø var 41,4 år 31.12. 2022 og tilsvarande 42,9 år i Måløy. Ved «middels vekst» vil gjennomsnittsalderen i Florø auke til 46,2 år og i Måløy til 46,8 år i 2050. Tilsvarande tal for «låg vekst»-alternativet er 48,3 (Florø) og 49 år (Måløy) i 2050, og for «Høg vekst»-alternativet 44,7 år (Florø) og 45,2 år (Måløy).




Figur 12. Befolkningspyramide 31.12.2022 i Florø



Figur 13. Befolkningspyramide 31.12.2050 i Florø (middelalternativet)



Figur 14. Befolkningspyramide 31.12.2022 i Måløy



Figur 15. Befolkningspyramide 31.12.2050 i Måløy (middelalternativet)

I «middels vekst»-alternativet vil delen eldre 70 år og over auke frå 12,9 prosent i 2022 til 22,2 prosent i 2050 for Florø og frå 15,8 til 23,9 prosent for Måløy.


Tilsvarende auke for «låg vekst»-alternativet er til ein prosentdel på 24,2 prosent for Florø og 26 prosent for Måløy, og for «høg vekst»-alternativet til 20,4 prosent for Florø og til 21,9 prosent for Måløy.

Når det gjelder utvikling ved «middels vekst»-alternativet vil det i perioden 2023-2050 vere sterk vekst i eldre aldersgruppe 80-89 år og 90+år (og for Florø noko vekst i gruppa 70-79 år). Samtlege aldersgrupper elles vil få nedgang i folketalet.

I Florø går talet på 6-12-åringar ned med 162 elevar frå 31.12.2022 til 2050 og talet på 13-15-åringar vil minke med 124 til 2050.

I Måløy går talet på 6-12-åringar ned med 93 elevar frå 31.12.2022 til 2050 og talet på 13-15-åringar vil minke med 43 til 2050.

Endringar i andre aldersgrupper går fram av dei to neste figurane.



Figur 16. Folkemengd pr. 31.12.2022 og endring i folkemengd 1.1.2023 - 31.12.2050 fordelt på aldersgrupper ved middels vekst i Florø




Figur 17. Folkemengd pr. 31.12.2022 og endring i folkemengd 1.1.2023 - 31.12.2050 fordelt på aldersgrupper ved middels vekst i Måløy




### 3. Endring i befolkning frå 2022 og fram til 2032 (middels vekst)


- Aldersgruppa 1-5 år minkar med 50 barn




- Aldersgruppa 6-12 år minkar med 263 barn




- Aldersgruppa 13-15 år minkar med 153 ungdommar




- Aldersgruppa 16-18 år minkar med 73 ungdommar




- Aldersgruppa 19-66 år minkar med 749 personar



- Aldersgruppa 67-79 år aukar med 345 personar




- Aldersgruppa 80 år og eldre aukar med 459 personar




#### 4. Endring i befolkning frå 2022 og fram til 2042 (middels vekst)


- Aldersgruppa 1-5 år minkar med 32 barn




- Aldersgruppa 6-12 år minkar med 246 barn




- Aldersgruppa 13-15 år minkar med 180 ungdommar




- Aldersgruppa 16-18 år minkar med 137 ungdommar




- Aldersgruppa 19-66 år minkar med 1311 personar




- Aldersgruppa 67-79 år aukar med 298 personar



- Aldersgruppa 80 år og eldre aukar med 946 personar




## 5. Busetting




I Kinn bur dei aller fleste i ein einestad. Nokre bur i tomannsbustad eller rekkehus, kjedehus og andre småhus.

Figur 18. Kjelde ssb (tabell 03175)




Figur 19. Kjelde ssb (tabell 06070)

I Kinn er det flest aleinebuande og par utan heimebuande barn og trenden er ein auke. Over ein 35% av dei aleinebuande er eldre over 67 år. Dei siste 10 åra har det vore ein markant auke i eldre i alderen 67-79 år som bur aleine.




Figur 20. Kjelde ssb (tabell 06844)

## 5.1 Busettingsmønster



Figur 21. Kjelde ssb kart



Figur 22. Kjelde ssb kart

## 6. Oppsummering

Folkemengda i kvar av dei tidlegare kommunane, og særleg Måløy, er låg i utgangspunktet og vil etter all sannsyn (i to av dei tre alternative utviklingsbanene) bli ytterlegare redusert. Alle alternativ vil gje ein befolkningsstruktur med ein forholdsvis sterkt aldra befolkning.

Framskrivingar vil alltid vere usikre. Generelt vil usikkerheita vere mindre ved kortare tidshorisonter. Med lange tidshorisonter må ein akseptere større usikkerheit. Kva utviklingsbane som gir den mest sannsynlege peikepinnen for den framtidige befolkningsutviklinga i Kinn kommune vil avhenge av mange drivarar som kan påverke den framtidige utviklinga. Dette kan til dømes vere konjunkturutvikling, sentralisering, arbeidsinnvandring og flyktningsstraumar, lokalt næringsliv og sysselsetting, lokalisering av høgare utdanning og andre lokale attraktivitetar. Sannsynlegvis er det likevel truleg at den faktiske utviklinga i Florø og Måløy vil ligge innanfor intervallet mellom «Høg vekst» og «Låg vekst», og Statistisk sentralbyrå peikar på MMMM-alternativet (som tilsvarar «Middels vekst») som eit hovudalternativ.

## Vedlegg 1. Kompas-modellen

KOMPAS er ein såkalla "kohort-komponent"-modell. Med denne metoden vert framtidige kohortar berekna etter alder og kjønn, og modellen tek omsyn til aldersspesifikk fruktbarheit, dødelegheit og flytting. Det er nytta trendflyttingsmodellen for framskriving av folkemengda i dette dokumentet.

### **Trendflyttingsmodellen**

I trendflyttingsmodellen vil framtidig flytting vere basert på historiske flyttemønster. For kvar framskriving av år vert den eksterne utflyttinga berekna ved hjelp av sannsynlege sonevise utflyttingar. Deretter vert ekstern innflytting til kvar sone berekna ved å summere ekstern utflytting og gjennomsnittleg ekstern nettoflytting. Gjennomsnittleg nettoflytting er i utgangspunktet berekna for kvar plansone ved å subtrahere gjennomsnittleg ekstern utflytting frå gjennomsnittleg ekstern innflytting. Det er mogleg å overstyre nettoflyttinga både for enkelte soner og for regionen som heilheit. Det er verd å merke seg at nettoflyttinga i utgangspunktet er lik for alle år i framskrivingsperioden og at den er berekna for kvar plansone. Den interne utflyttinga er basert på sonevise sannsyn for utflytting, medan den interne innflyttinga til sonene er proporsjonal med kvar plansone sin del av den totale innflyttinga i estimeringsperioden for kvar aldersgruppe og kjønn.

### **Aggregering**

I utgangspunktet er dei fleste statistiske grunnlagsdata på grunnkrets nivå. Grunnkretsane er dei statistiske "byggeklossane". For planformål er det naturleg å gruppere grunnkretsane i soner som er relevante for det aktuelle analyseformålet. Dette kan til dømes vere skulekretsar eller pleie- og omsorgsdistrikt. Aggregering vil seie at grunnkretsdata vert summert opp på den soneinndelinga som gjeld i kvart enkelt tilfelle.

### **Aldring**

Befolkningsstatistikken er oppdelt på kjønn og eitt-årig alder ved utgangen av året. Aldring i denne samanhengen vil seie at alle registrerte 1-åringar i eit år vil vere 2-åringar neste år osv.

### **Fødslar**

Vi har statistiske opplysningar om faktisk tal fødde i estimeringsperioden. I tillegg har vi statistiske opplysningar om fødselsfrekvensar for kvinner i fertil alder. Fødselsfrekvensane nyttar vi til å berekne forventa tal fødde i estimeringsperioden. Forholdet mellom faktisk tal fødde og forventa tal fødde (korreksjonsfaktor for fødde) vert deretter nytta til å opp- eller nedjustere berekna tal fødde i framskrivingsperioden. Fruktbarheita kan justerast dersom vi har forventningar om endringar i framtidig fruktbarheit.

Tal fødde i prosjektperioden vert berekna ved å multiplisere fødselsfrekvensane med korreksjonsfaktoren og med kvinner i fødedyktig alder. Fødde vert fordelt på gutar og jenter. Berekningane i dette steget endar opp med befolkninga inklusive fødde.

### **Dødsfall**

Tilsvarende som for fødde, vert det berekna sonevise korreksjonsfaktorar for døydde. Dette gjer ein ved å samanlikne informasjon om faktisk tal døydde i estimeringsperioden med berekna tall døde på grunnlag av døydssannsynlegheitene i estimeringsperioden. Dersom det faktisk har døydd



fleire enn berekna med døydssannsynlegheitene, vil korreksjonsfaktorane vere større enn 1. Omvendt vil faktoren vere mindre enn 1 dersom faktisk tal døde er mindre enn berekna tal døde. Det er separate korreksjonsfaktorar for aldersgruppene 0-59 år, 60- 84 år og 85+ år. Tal døde vert berekna i prosjektperioden ved å multiplisere døydssannsynlegheitene med sonevise korreksjonsfaktorar som igjen vert multiplisert med befolkninga inklusive fødde etter kjønn og alder.

### **Ekstern utflytting**

Utflytting frå sonene blir bestemt på grunnlag av utflyttingssannsynlegheiter. Disse utflyttingssannsynlegheitene angir andelar av kvar aldersgruppe og kjønn som skal flytte ut frå plansonene, og vert berekna ut på grunnlag av den faktiske utflyttinga i estimeringsperioden.

### **Ekstern innflytting**

Statistikk over ekstern innflytting etter eitt-årig alder er utgangspunkt for berekning av gjennomsnittleg ekstern innflytting i estimeringsperioden for kvar plansone. Denne statistikken er og brukt for berekning av innflyttingsrater. Innflyttingsratene angir kor stor andel av innflyttarane som skal fordelast til kvar av aldersgruppene. Innflyttingsratene summerer til 1 over alle aldersgrupper for kvar enkelt plansone.

### **Ekstern nettoflytting**

Nettoflyttinga vert berekna for kvar plansone ved å subtrahere gjennomsnittleg ekstern utflytting frå gjennomsnittleg ekstern innflytting. Den eksterne nettoflyttinga vil kunne endrast anten ved å justere estimeringsperioden eller ved manuelt å overstyre berekninga.

### **Intern utflytting**

Gjennomsnittleg intern utflytting etter alder og kjønn er basert på den faktiske utflyttinga i estimeringsperioden. Det vert berekna eit sett med interne utflyttingssannsynlegheiter basert på gjennomsnittleg intern utflytting i estimeringsperioden. Sannsynlegheitene vert berekna på sonenivå, fordelt på 1-årige aldersgrupper. Intern utflytting etter alder og kjønn blir for kvar plansone berekna ved å multiplisere folkemengda (etter eksternflytting) med interne utflyttingssannsynlegheiter. Deretter blir intern utflytting for kvar aldersgruppe og kjønn summert over alle plansonene.

### **Intern innflytting**

Summen av dei interne utflyttarane vert tilbakeført til kvar plansone som interne innflyttarar ved hjelp av interne innflyttingsandelar. Innflyttingsandelane er spesifikke for kvar aldersgruppe og summerer til 1 over alle sonene. Innflyttingsandelane er berekna med utgangspunkt i gjennomsnittleg intern innflytting etter 1-årig alder basert på den faktiske innflyttinga i estimeringsperioden.

### **Folkemengd**

For det første året i framskrivinga vil folkemengda vere basert på statistikk frå Statistisk sentralbyrå. For dei etterfølgande framskrivingsåra vil folkemengda vere bestemt av berekna folkemengd. Den er eit resultat av endringar i form av fødsjar, dødsfall, netto innflytting og netto internflytting som eit resultat av planføresetnadane som inngår i berekningane.

## Vedlegg 2 Overordna føresetnader

<b>Parameter</b>	<b>Føresetnader</b>
Modelltype	Trendflyttingsmodellen
Modellnamn	Ny analyse 2023 i tre alternativ Høg vekst, låg vekst og middels vekst
Region	Kinn
Første statistikkår	2012
Første berekningsår	2023
Siste berekningsår	2050
Basisår for offisiell befolkningsstatistikk	31.12.2022

### **Berekningsalternativ**

Tabellen viser kva datasett som er manuelt endra:

Steg	Tittel	Endring
3.3	Samla fruktbarheit	Samla fruktbarheit er henta frå statistikkbanken og er lagt til grunn
11.03	Ekstern flytting, region	Ekstern nettoflytting er henta frå statistikkbanken og er summen av innanlandsk flytting og netto innvandring i tre ulike alternativ med låg, middels og høg innvandring. Dei fyrste åra er det lagt til grunn ei høgare nettoflytting enn ssb legg til grunn, sjå vedlegg 6.

For andre datasett er det standardverdiane KOMPAS nyttar som er lagt til grunn.

### Vedlegg 3. Grunnkretsinnndeling og plansone

Grunnkretsnummer og namn	Plansone	Fordeling i %
46020101 Nordalsfjorden	Florø	100
46020102 Endestad - Løkkebø	Florø	100
46020103 Langedal - Ramsdal	Florø	100
46020104 Svardal - Steindalen	Florø	100
46020105 Standal	Florø	100
46020106 Stavang	Florø	100
46020107 Høydalane	Florø	100
46020108 Steinhovden	Florø	100
46020109 Nyttingnes	Florø	100
46020112 Haukå - Årebrot	Florø	100
46020114 Sandvika	Florø	100
46020115 Tonheim - Grov	Florø	100
46020116 Barlindbotn	Florø	100
46020117 Hovland	Florø	100
46020118 Eikefjord	Florø	100
46020119 Sunnarvik	Florø	100
46020201 Stavøy	Florø	100
46020202 Svanøy	Florø	100
46020203 Askrova	Florø	100
46020204 Kinn - Reksta	Florø	100
46020205 Ånnøy - Nekkøy - Skorpa	Florø	100
46020207 Batalden	Florø	100
46020208 Hovden - Barekstad	Florø	100
46020209 Nærøyane	Florø	100
46020301 Sentrum	Florø	100
46020302 Hesteneset	Florø	100
46020303 Tua Vest	Florø	100
46020304 Tua	Florø	100
46020305 Stranda	Florø	100
46020306 Havreneset Nord	Florø	100
46020307 Havreneset Sør	Florø	100
46020308 Gunhildvågen	Florø	100
46020309 Vågavegen	Florø	100
46020310 Storåsen Vest	Florø	100
46020311 Storåsen Øst	Florø	100
46020312 Soldalen - Sørstrand	Florø	100
46020313 Nyland - Kleiva	Florø	100
46020314 Havikbotn	Florø	100
46020315 Nybø - Ragnarrud	Florø	100
46020316 Krokane - Solheim	Florø	100
46020317 Brandsøy	Florø	100
46020318 Grønenga - Sundet	Florø	100
46020319 Bjørnset	Florø	100

46020401 Silda	Måløy	100
46020402 Vedvik	Måløy	100
46020403 Halsøy	Måløy	100
46020404 Røysa	Måløy	100
46020405 Raudeberg	Måløy	100
46020406 Kapellneset	Måløy	100
46020407 Refvik	Måløy	100
46020408 Kvalheim	Måløy	100
46020501 Ulvesund	Måløy	100
46020502 Degnepoll	Måløy	100
46020503 Kulen	Måløy	100
46020504 Blålid	Måløy	100
46020505 Skavøypoll	Måløy	100
46020506 Sørpoll	Måløy	100
46020507 Almenning	Måløy	100
46020601 Våge - Oppedal	Måløy	100
46020602 Holvik	Måløy	100
46020603 Sæternes	Måløy	100
46020604 Ellingskaret	Måløy	100
46020605 Skram Øvre	Måløy	100
46020606 Skram Nedre	Måløy	100
46020607 Midtgård Søndre	Måløy	100
46020608 Midtgård Nordre	Måløy	100
46020609 Gotteberg	Måløy	100
46020610 Øyane i Sør	Måløy	100
46029999 Uoppgitt grunnkrets	Florø	67
46029999 Uoppgitt grunnkrets	Måløy	33

## Vedlegg 4. Fruktbarheit

Ssb tabell13610: «Framskrevet samlet fruktbarhetstall og aldersspesifikke fruktbarhetsrater for kvinner (per 1 000), etter region, alder, alternativ, år og statistikkvariabel»

	Levandefødde per 1 000 kvinner	Levandefødde per 1 000 kvinner	Levandefødde per 1 000 kvinner
	Middels fruktbarheit	Låg fruktbarheit	Høg fruktbarheit
2023	1,55	1,36	1,69
2024	1,54	1,36	1,71
2025	1,55	1,36	1,73
2026	1,57	1,36	1,75
2027	1,59	1,36	1,77
2028	1,61	1,36	1,79
2029	1,63	1,36	1,81
2030	1,65	1,36	1,83
2031	1,68	1,36	1,85
2032	1,70	1,36	1,87
2033	1,72	1,36	1,90
2034	1,74	1,36	1,92
2035	1,76	1,36	1,94
2036	1,78	1,36	1,96
2037	1,78	1,36	1,99
2038	1,78	1,36	1,99
2039	1,78	1,36	1,99
2040	1,78	1,36	1,99
2041	1,78	1,36	1,99
2042	1,78	1,36	1,99
2043	1,78	1,36	1,99
2044	1,78	1,36	1,99
2045	1,78	1,36	1,99
2046	1,78	1,36	1,99
2047	1,78	1,36	1,99
2048	1,78	1,36	1,99
2049	1,78	1,36	1,99
2050	1,78	1,36	1,99

## **Vedlegg 5. Forventa levealder**

Ssb tabell13611: *Framskrevet forventet levealder ved fødsel, etter region, kjønn, alternativ, år og statistikkvariabel*

	<b>Forventa levealder</b>	<b>Forventa levealder</b>
	<b>Middelalternativet menn</b>	<b>Middelalternativet kvinner</b>
<b>2022</b>	81,9	84,9
<b>2023</b>	82,1	85,1
<b>2024</b>	82,4	85,3
<b>2025</b>	82,6	85,5
<b>2026</b>	82,8	85,7
<b>2027</b>	83,0	85,9
<b>2028</b>	83,3	86,1
<b>2029</b>	83,5	86,3
<b>2030</b>	83,7	86,5
<b>2031</b>	83,9	86,7
<b>2032</b>	84,1	86,9
<b>2033</b>	84,3	87,1
<b>2034</b>	84,5	87,2
<b>2035</b>	84,7	87,4
<b>2036</b>	84,9	87,6
<b>2037</b>	85,1	87,8
<b>2038</b>	85,3	87,9
<b>2039</b>	85,5	88,1
<b>2040</b>	85,7	88,3
<b>2041</b>	85,9	88,5
<b>2042</b>	86,1	88,6
<b>2043</b>	86,3	88,8
<b>2044</b>	86,5	88,9
<b>2045</b>	86,7	89,1
<b>2046</b>	86,8	89,3
<b>2047</b>	87,0	89,4
<b>2048</b>	87,2	89,6
<b>2049</b>	87,4	89,7
<b>2050</b>	87,5	89,9

## **Vedlegg 6. Nettoflyttingstal**

Ssb tabell 13605: Framskrevne befolkningsendringer, etter region, alternativ, år og statistikkvariabel

År	Middels (MMMM)	Låg (LLML)	Høg (HHMH)	Justert Høg
2023	-57	-110	-9	30
2024	-80	-98	-31	20
2025	-67	-85	-48	10
2026	-55	-76	-36	10
2027	-45	-66	-24	5
2028	-41	-63	-20	5
2029	-39	-60	-15	5
2030	-35	-57	-11	5
2031	-33	-54	-8	5
2032	-30	-50	-3	5
2033	-25	-46	1	5
2034	-20	-41	6	6
2035	-17	-38	12	12
2036	-12	-33	16	16
2037	-9	-30	21	21
2038	-6	-26	25	25
2039	-2	-23	29	29
2040	0	-20	32	32
2041	3	-18	35	35
2042	4	-14	37	37
2043	6	-14	40	40
2044	8	-11	40	40
2045	8	-9	43	43
2046	10	-7	44	44
2047	12	-7	45	45
2048	11	-5	47	47
2049	12	-5	49	49
2050	13	-3	49	49